



«Gjess – we can!»



● **Ivar Kvalen**

Ordførar i Luster og leiar av programstyret for System for styrka læring

FOTO LUSTER KOMMUNE



● **Claus Røynesdal**

Programleiar for System for styrka læring i Sogn regionråd

FOTO GRY SENDERUD

Når gjæsene flyg i formasjon, flyg dei 71 prosent lenger enn når dei flyg åleine. Formasjon, samarbeid og gjensidig forplikting er også nøkkelorda for å forstå barnehage- og skuleutviklinga i region Sogn.

ILLUSTRASJON Tone Lileng | post@tonelileng.no

I 2015 kom boka «Skolens kvalitet skapes lokalt»¹, basert på forskinga frå prosjektet «Lærende regioner». Utgangspunktet for forskinga var spørsmålet: «Hvorfor presterer elever fra Sogn og Fjordane så uforholdsmessig bra på nasjonale prøver?». Denne forskinga gjekk ikkje ned på regionnivå. Den problematiserte heller ikkje kvifor region Sogn trekk snittet i fylket opp. Det er mange direkte og indirekte variablar som forklarar resultatet, både i fylket og i Sogn. I vår regionale kontekst har vi seks «vardar» som er viktige tiltak og orienteringspunkt for å forstå Sogn:

1. Formelt samarbeid i kommunalsjefsgruppa

Eigarnivået er heilt avgjerande for å få til samarbeid mellom kommunar, og mellom skular og barnehagar. Eigarane på kommunenivå (barnehage- og skulefagleg ansvarlege; kommunalsjefane, rådgjevarar, pedagogiske konsulentar) har gjennom fleire tiår hatt eit nært og forpliktande samarbeid om drifts- og utviklingsoppgåver. Kommunalsjefsgruppa har eit eige mandat vedteke av rådmannsgruppa, og møtest fire til seks gongar i året. Nytilsette kommunalsjefar utan røynsle frå rolla som skule- og barnehageeigar har spesielt stor glede av å kunne stø seg på dette forumet.

2. Programstyret

Kommunalsjefane har naturleg nok hovudfokus på drifts- og forvaltingsoppgåver. Det er ikkje akkurat

mangel på nye signal, føringar, pålegg og utfordringer gjennom styringskjeda. Difor konstruerte vi i 2006 eit eige programstyre for barnehage- og skuleutvikling. Vi ville ha eit formelt og gjensidig forpliktande samarbeid med andre aktørar til å hjelpe oss med langsigkt utviklingsarbeid. Det handlar også om å vere del av eit større fagleg miljø enn det som finst i kvar einskild kommune, og å gje tilgang på nye tankar. Programstyret har tre årlege møte og rapporterer til Sogn regionråd (SR). Regionrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan og er leia av dei ni ordførarane i Sogn².

Frå 2006–2012 heitte utviklingsprogrammet vårt «Sats på skulen – snu Sogn»³. Resultata av programmet var så vellukka, syntet evalueringa⁴, at kommunestyra vedtok eit nytt program frå 2013 til 2021: «System for styrka læring». Målet vårt no er å styrke læringsutbyttet for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med seks strategiområde: 1. Lærande organisasjon/ fagnettverk, 2. Entreprenørskap, 3. Psykisk helse og emosjonell kompetanse, 4. Tidleg innsats, 5. Vurdering for læring og 6. Motivasjon og meistring/ ungdomstrinn i utvikling.

Samansetjinga av programstyret for «System for styrka læring» er eit suksesskriterium. Her finn vi representantar for alle dei viktige rollene; ein ordførar, ein rådmann, ein kommunalsjef, ein rektor, ein styrar, programleiar SR, Utdanningsforbundet, KS, Statped Vest, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Stiftinga Ungt Entreprenørskap. Utdanningsforbundet og dei fire andre «eksterne» aktørane har vore fullstendig avgjerande for måloppnåinga i det regionale arbeidet vårt. Det var gjennom desse vi fekk løyst ut ei leiarutdanning på 30 studiepoeng frå 2007 for 37 skuleleiarar på dei 30 skulane våre, og frå 2010 for 61 styrarar og pedagogiske leiarar i dei 42 barnehagane våre.

3. Regionale fagnettverk

Den japanske forskaren Ikuijiro Nonaka hevdar >

«Vi byter på å leie, heiar kvarandre fram, deler på plikter, byrder og gode på tvers av åtte kommunegrenser.»





at vi korkje får den beste utviklinga frå botnstyr- eller toppstyrt styring⁵. Det som fungerer, er midtstyr; når dei flinke fagfolka i midten av organisasjonane driv det faglege utviklingsarbeidet. I Sogn var det rektor Ingunn Marie Myren på Leikanger ungdomsskule som i 1999 drog i gong regionale fagnettverk. Først ut var nettverk for ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane. I 2006 etablerte vi nettverk også for barneskulane. Nettverka for barnehagane vart etablert i 2012. No har vi 21 nettverk for skulane og åtte nettverk for barnehagane. Vi har til dømes om lag 400 tilsette i barnehagesektoren i Sogn. 211 er deltakarar i forpliktande nettverk som møtest to gongar i året. Nettverk er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dele, bruke og skape ny kunnskap. Vi gjer som gjæsene i V-formasjon; byter på å leie, heiar kvarandre fram, deler på plikter, byrder og gode på tvers av åtte kommunegrenser. Då oppnår vi også eit høgare læringsutbytte. Vi driv nettverk fordi vi ser at midtstyr-perspektivet verkar.

4. Entreprenørskap

Utdanningsdirektoratet kunne også ha brukt omgrepet entreprenørskap for satsinga «Ungdomstrinn i utvikling»⁶. For dette handlar om varierte og motiverande undervisnings- og læringsformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten. Pedagogisk entreprenørskap er både ein leiingsfilosofi, ein måte å organisere skulen på – og konkrete elevaktivitetar. Pedagogisk entreprenørskap gir variasjon, meistring, motivasjon og moglegheiter, både innan økonomisk, sosialt og kulturelt entreprenørskap.

Entreprenørskap er også eitt av fagnettverka våre. I september kvar haust møtest entusiastiske rektorer, inspektorar, rådgjevarar og lærarar til erfaringsutveksling, påfyll, refleksjon og diskusjon. Vi avsluttar arbeidet kvar vår med entreprenørskapsmessa i mai. Der deltek alle 8.-klassingane i regionen, og dei blir inspirerte av dei 25 elevbedriftene frå 9. klasse som har kvalifisert seg til den regionale finalen. I tillegg til besök hjå lokale



Elevar frå Kaupanger skule i Sogndal førebur seg til entreprenørskapsmessa. FOTO ODD HELGE BRUGRAND

verksemder får alle elevane föredrag i plenum frå ein lokal gründer. Med 600 elevar frå dei 12 ungdomsskulane vert messa også eit viktig møtepunkt for elevane sjølv. Vi har arrangert entreprenørskapsmessa sidan 2009 og flytter rundt til ein ny kommune kvart år.

Samarbeidet med Ungt Entreprenørskap (UE) er heilt avgjera. UE reiser gratis rundt på skulane, med ulike program, inspirasjonsøktar og tiltak for 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og ungdomsskulane. UE er medansvarleg arrangør både for fagnettverket i entreprenørskap og den årlege messa. På tilsvarende vis er Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) ein sentral leverandør og formidlar av forskingsbasert kunnskap om entreprenørskap som pedagogisk utviklingsstrategi. Entreprenørskap var den raude tråden i leiarutdanningane vi gjennomførte i fire kull for skule- og barnehageleiarar i regi av HiSF. Dersom leiarutdanninga hovudsakleg fokuserer på lov, regelverk, forskrifter, rekneskap og budsjettprosessar, får ein leiarar som legg vekt på nettopp dette ved utøving av leiararkap. Vi bygde leiarutdanninga vår på prinsippa om lærande organisasjonar og entreprenørskap. Dermed fekk vi også leiarar som legg meir vekt på dette.

5. Internasjonalisering

Det er mange skular i Sogn som på eige initiativ har bygd opp eit internasjonalt nettverk. Det er fleire

skular som gjennom tiår har samarbeidd med ulike skular i Europa. Det er ulike program som har finansiert dette. No heiter finansieringskjelda Erasmus+. Internasjonal samarbeid gir auka trivsel og læringsutbytte, både for elevane og lærarane. Det styrkar utviklingskapasiteten til skulane. Søknadsprosedyrar og arbeidet rundt er rett nok krevjande, men all utvikling handlar jo om å arbeide mot ein motstand. Internasjonalisering gir resultat, både på kort og lang sikt. Mange lærarar bretter ermane opp etter å ha vore ute og hausta røynsler i Europa. Internasjonalisering dreier seg ikkje om det einskilde skulebesøket. Det er ein strategi for å kontinuerleg bygge utviklingskapasitet og gjennomføringsevne. Sidan 2013 har barnehagenettverka våre vore på studietur både innanlands og utanlands, til domes i Bergen, Oslo, København, Reykjavik og Roma. Vi ser at internasjonalisering styrker identitet, byggjer samhald, aukar motivasjon og ambisjon, og lyfter omdømmet til sektoren.

6. Psykisk helse og emosjonell kompetanse

Grunnleggjande skulefaglege ferdigheter er naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg. Vi ser at det er den inkluderande skulen som gir den presterande skulen i Sogn. I 2012 etablerte vi eit tverrfagleg regionalt nettverk i psykisk helse. Programstyret ynskte å skape ein møteplass og arena for å styrke

«Det er den inkluderande skulen som gir den presterande skulen i Sogn.»

Kronikk

Emnar du på ein kronikk, er det lurt å presentere ideen for redaktør Knut Hovland kh@utdanningsnytt.no.

Utgangspunktet er at temaet må vere interessant og relevant – og språket godt og forståeleg – for ei brei lesargruppe. Stoff som byggjer på forsking, må vere popularisert. Det betyr blant anna at forskingsresultatet er det sentrale i teksten og at det som handlar om metode, har ein mykje mindre plass. Lengda kan vere mellom 12.500 og 17.000 teikn inklusive mellomrom. Litteraturliste og referansar må vere inkluderte i talet teikn. Eventuelle illustrasjonar må ikkje sendast limt inn i wordfila, men separat som jpg- eller pdf-fil.



arbeidet med psykisk helse i barnehage og skule. Det er ein sterk samanheng mellom læring, trivsel og psykiske helse blant elevane. Ved å styrke det psykososiale miljøet på skulen legg vi betre til rette for læring. Skulen er ein sentral arena for å forebyggje utviklinga av psykiske vanskar, utanforskap og fråfall. Pedagogisk personale har trøng for å utvikle kompetansen i å oppdage psykiske vanskar tidleg, og å vite kva ein skal gjøre. Vi må ha fokus på å heve personalets kompetanse til å fremje psykisk helse, motivasjon og læring i elevflokkene. Konkret har vi arbeidd mykje med verktøyet «psykologisk førstehjelpe». No rettar vi oss endå meir inn mot kollektive og universelle tiltak for heile elev- og barnegruppa. Altfor mange elevar endar opp med vedtak om spesi-alundervisning knytt til åferd. Mykje kunne ha vore løyst på ein betre måte ved å jobbe med psykisk helse, emosjonell kompetanse og universelle tiltak. Ludvigsen-utvalet poengterer i NOU 2015: 8 «Fremtidens skole» balansen mellom kognitive evner og sosial og emosjonell kompetanse. For å styrke arbeidet vårt med psykisk helsefremming

i skular og barnehagar, inngjekk Sogn regionråd i 2014 ei partnerskapsavtale med Utdanningsforbundet, HiSF, Regionalt kunnskapssenter barn og unge Vest og HEMIL-senteret ved UiB. Avtalen har sju satsingsområde og gjeld fram til 2021.

Vardebygging og måloppnåing

Det tek like lang tid å reise frå Farnes skule i Øvre Årdal til Flatbygdi skule i Vik, som å køyre frå Hirtshals lengst nord i Danmark til Flensburg i Tyskland. Kanskje det nettopp er vardebygginga, samarbeidet og delingskulturen som gjer oss sterke? Vardebygging er korkje omtala i opp-læringslov, barnehagelov, forskrifter, regelverk eller rundskriv. Det er heller ikkje noko einskild-føretak. Det er bokstavleg talt å byggje stein på stein, der kollektivet i Sogn byggjer ein struktur for kommunikasjon, samhandling og utvikling. Bygging og vedlikehald av vardar krev samarbeid og gjensidig forplikting. Det kan til tider vere utfordrande, arbeidskrevjande og slitsamt, men denne formasjonen gir retning, progresjon og måloppnåing.

Noter:

- 1) Langfeldt, Gjert (red.): Skolens kvalitet skapes lokalt. Presentasjon av funn fra forskningsprosjektet «Lærende regioner». Bergen, Fagbokforlaget (2015).
- 2) Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Høyanger er også med i regionrådet, men samarbeidar barnehage- og skulefagleg i ytre Sogn.
- 3) Vi hadde tre satsingsområde: leiarutdanning, fagnettverk og kommunane si rolle som eigarar
- 4) Buland, Trond: Sammen så veie vi flere tonn. Evaluering av prosjektet «Sats på skulen – snu Sogn». NTNU skole- og utdanningsforskning, Trondheim, Akademika forlag (2013).
- 5) Nonaka, Ikujiro: The Knowledge-Creating Company. New York, Oxford University Press, (1995).
- 6) St.meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter

